

STATUTTAR VANDREPOKAL FOR BESTE GEIT I SOGN OG FJORDANE

1. Alle som stiller bukkekje til kåring får presentera si beste geit for kåringsdommaren. Geita skal dømmast etter NSG sine reglar for kåring av bukkar og dømming av geit. Ho må oppnå 1. premie, det vil seia at ho må ha minimum avlsverdi 110, jureksteriør 8, eksteriørpoeng 8, og ho må ha kjea minst to gonger.
2. Eigiar er ansvarleg for å ta eit fint bilete av geita, og sende dette elektronisk til sekr.sognogfjordane@sauoggeit.no og opplysa om nummer og namn på geita i tillegg til namn på eigiar(ane).
3. Når årets kåringar er ferdig, skal geitene rangerast etter poengsum for jur og kropp. Geiter med lik poengsum skal deretter rangerast ut frå avlsindeksen for november. Eigiar av den beste geita får 1 aksje i vandrepokalen. Resultatlista blir offentleggjort på heimesida til Sogn og Fjordane Sau og Geit.
4. Eigiar av årets beste geit blir invitert til årsmøtet i Sogn og Fjordane Sau og Geit. Der vert pokalen delt ut, samt at det vert gjeve ein diplom med det tilsende biletet på. Fylkeslaget dekkar dagpakke og middag på årsmøtedagen for eigiar med følgje.
5. Tine SA og Sogn og Fjordane Sau og Geit kan fritt nytte alle innsende bilete til positiv marknadsføring av næringa.
6. Ein kan vinne berre ein aksje med ei og same geit.
7. Vandrepokalen blir vunnen til odel og eige av den fyrste eigaren som har vunne tre aksjar i han.

Handsama av Geitegruppa 21.04.2016.

Godkjent av styret i Sogn og Fjordane Sau og Geit 26.05.2016.